

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Kva er formålet med å ha to skriftspråk i Noreg?

Svar

Formålet med å ha to skriftspråk er å ivareta språket og skriftkulturen. Det gjer det mogeleg å bruke både nynorsk og bokmål i heile landet.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Kva meiner vi med ortofon skrivemåte?

Svar

Ortofon skrivemåte betyr at ein legg vekt på uttalen når ein bestemmer skrivemåten. Det blir då liten avstand mellom uttale og skriftbilde.

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Kva meiner vi med etymologisk skrivemåte?

Svar

Etymologisk skrivemåte betyr at ein legg vekt på opphavet til ordet når ein bestemmer skrivemåten. Det er større avstand mellom uttale og skriftbilde, men skaper forståing for kvar ordet kjem frå, og kva det betyr.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Nemn minst tre rettskrivingsdilemma i norsk språk

Svar

- Det finst stumme konsonantar, som h (hv/hj), g (gj/gi), t (huset).
- Skj-lyden kan skrivast på mange ulike måtar (skj/ski/sky).
- Det same gjeld kj-lyden (kj/ki/ky).
- Lang vokal blir markert ved enkel konsonant, kort vokal blir markert ved dobbelt konsonant.

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Definer omgrepene «tone».

Svar

Det er ein «melodi» i orda og setningane. Vi skil mellom høgtone og lågtone.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Definer omgrepene «tonelag».

Svar

Tonelag: Svingingar i ordmelodien som er avhengig av trykk i ordet og det historiske opphavet til ordet. Tonelag finst berre i ord med fleire stavingar.

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Kva er hovudregelen for setningsbygning i norsk?

Svar

Det bøygde verbet skal stå på andre plass i setningen.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Kva er ein vanleg feil hos folk som skal lære norsk som andrespråk?

Svar

Det er vanleg å plassere verbet feil når ein lærer eit nytt språk.

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Nemn fleire språk som skil mellom sterke og svake verb.

Svar

Tysk og engelsk skil mellom sterke og svake verb.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Forklar kva personbøyning av verb er.

Svar

Personbøyning av verb finn vi når verbet blir bøyd avhengig av subjektet i setninga. Det finst eigne bøyingsendingar i verbet avhengig av subjektet.

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Nemn nokre språk som ikkje har grammatisk kjønn.

Svar

Finsk og samisk har ikkje grammatisk kjønn.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Korleis lagar vi nye ord i norsk?

Svar

Vi set saman eksisterande ord til nye ord.

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.

Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Nemn to andre språk som lagar nye ord ved å sette saman eksisterande ord.

Svar

Tysk og engelsk. Men på engelsk blir det ofte skrive i to ord, mens samansette ord på norsk og tysk skal skrivast i eitt ord.



Dialogkort vg1

Kapittel 15 Særtrekk ved norsk språk

Spørsmål

Korleis lagar ein nye ord i romanske språk?

Svar

I romanske språk lagar ein nye ord ved å kople saman orda med ein partikkkel, f.eks. slik: *salle de bain*, som betyr «rom for bad».

The image consists of a continuous, diagonal, and slightly overlapping pattern of the word "intertekst" in a light purple font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The background is white, and the overall effect is a textured, watermark-like appearance.